

*Foto: Øyvind Pedersen*

# Planstrategi 2020-2023

LOM KOMMUNE

BERG, ANNE SILJE

Revidert 5.4.2022, sak 2022/30, kommunestyret

## Innhald

1.	Kommunal planstrategi .....	2
1.1	Kva er kommunal planstrategi.....	2
1.2	Lovgrunnlag .....	2
1.3	Om arbeidet med planstrategien .....	2
2.	Ramme for planstrategiarbeidet .....	3
2.1	Nasjonale føringar .....	3
2.2	Regional planstrategi.....	3
2.2.1	Regional plan for samfunnstryggleik, klimatilpassing og robust infrastruktur.....	3
2.2.2	Regional plan for det inkluderande Innlandet.....	4
2.2.3	Regional plan for klima, miljø og arealbruk.....	4
2.2.4	Regional plan for innovasjon, verdiskaping og kompetanse .....	4
2.3	Interkommunalt samarbeid.....	5
3.	Utviklingstrekk og utfordringar som påverkar planbehovet .....	5
3.1	Levekår og folkehelse .....	5
3.2	Befolkningsutvikling og -samansetting.....	6
3.3	Næringsliv og sysselsetting.....	7
3.4	Klima og beredskap .....	7
3.5	Langsiktig arealbruk.....	8
4.	Planbehov – prioriterte tema og planleggingsbehov framover .....	9
4.1	Det kommunale plansystemet.....	9
4.1.1	Kommuneplan - samfunnsdelen.....	10
4.1.2	Kommuneplanen – arealdelen .....	10
4.1.3	Reguleringsplanar .....	11
4.1.4	Kommunedelplanar .....	11
4.1.5	Temaplanar .....	11
4.2	Revisjon av kommuneplanen .....	11
4.2.1	Revisjon av samfunnsdelen .....	12
4.2.2.	Revisjon av arealdelen.....	12
4.3	Andre planbehov og planarbeid framover .....	12
5.	Konklusjon .....	13
	Vedlegg: Planoversikt .....	16

## 1. Kommunal planstrategi

### 1.1 Kva er kommunal planstrategi

Kommunal planstrategi er eit verkty, som vart innført ved ny plandel til plan- og bygningslova (2008). Planstrategien skal vera eit verkty for politisk styring og prioritering av planbehov, og gjev det nye kommunestyret høve til å drøfte viktige hovudlinjer for ynskt utvikling tidleg i perioden. Planstrategien omfattar ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og ei vurdering av kommunens planbehov i valperioden.

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Planstrategien er retningsgjevande for den kommunale planlegginga, og har ingen direkte rettsverknad for innbyggjarane. Det kan heller ikkje setjast fram motsegn mot ein kommunal planstrategi, men statlege og regionale styresmakter har høve til å påpeike forhold som ikkje er i tråd med overordna føringar, og gjennom dette varsle eventuelle motsegner når det gjeld arealplanarbeidet.

Viktige formål er at planlegginga skal bli meir behovsstyrt, skal danne eit grunnlag for prioritering av planoppgåver og skal betre samarbeidet om planoppgåver på tvers av kommunegrensar.

Planstrategien gjev kommunestyret moglegheiter for å ta opp hovudutfordringar i kommunen tidleg i perioden og skape sterkare eigarskap og engasjement til planar og planlegging. Formålet er "å planleggje planlegginga" – med fokus på heilskap, tilrettelegging og koordinering av planarbeidet. Kommunal planstrategi er derfor ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar, men eit grunnlag for å klargjera og prioritere planbehovet i perioden.

### 1.2 Lovgrunnlag

Kapittel 10 i Plan- og bygningslova av 2008 gjev rammene for kommunal planstrategi:

#### **§ 10-1. Kommunal planstrategi**

*Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.*

*Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.*

*Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.*

*Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.*

### 1.3 Om arbeidet med planstrategien

Plan- og bygningslova opnar for at arbeidet med kommunal planstrategi skal leggjast opp på ein måte som er lokalt tilpassa, og med fleksibilitet i høve til dei behov kommunane har. Det kan her vere skilnad på små og store kommunar når det gjeld behov for rullering og detaljeringsgrad.

Administrasjonssjefen la i mai 2020 fram ein sak for kommunestyret om prosess for rullering av den kommunale planstrategien. Prosessen starta med ein dialogkonferanse i juni med gjennomgang av det kommunale plansystemet og orientering om planstrategien sin plass i dette. Oppdatert planoversikt vart lagt fram i politiske utval 31. august.

Formannskapet hadde administrasjonssjefen si innstilling til planstrategi til fyrste gongs behandling 22.9 før den blei sendt på offentlig høyring i 30 dagar. Som ein del av høyringa hadde samfunnsutvalet og levekårsutvalet planstrategien til behandling 12. oktober før formannskapet behandla saka og leverte innstillinga si til kommunestyret 10.11. Kommunestyret hadde endeleg behandling av kommunal planstrategi 24.11.

## 2. Ramme for planstrategiarbeidet

### 2.1 Nasjonale føringar

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har utarbeidd *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging*. Forventningane er utarbeidd i medhald av § 6-1 i plan- og bygningslova, og inngår som ein formell del av plansystemet. Dei vart innført samtidig med nye reglar om regionale og kommunale planstrategiar. Nasjonale forventningar er eitt av fleire verkemiddel i plan- og bygningslova for å formidle og ivareta nasjonale interesser og politikk i planarbeidet, og skal følgjast opp av statlege organ i deira medverknad i planlegginga. På denne måten ynskjer ein å få til eit samhengande system, der planmyndigheitene på alle forvaltningsnivå har ein gjennomgang av mål og strategiar kvart fjerde år. Forventningane er sektorovergripande, og dei gjev rammevilkår for lokalforvaltninga som kommunen må rette seg etter.

I *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023* legg regjeringa vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle

Vidare har regjeringa bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid. Det er derfor viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.

I tillegg til dei nasjonale forventningane har ein ulike statlege planretningslinjer og -føresegner som gjev meir detaljerte rammevilkår for planlegging i kommunane. Desse vil først og fremst gjera seg gjeldande ved utarbeiding av kommuneplanen, så ein går ikkje inn på alle desse her.

### 2.2 Regional planstrategi

Regional planstrategi er eit verkty for langsiktig planlegging og er det einast lovpålagde plandokumentet som skal utarbeidast på fylkeskommunalt nivå. Den skal vere førande for kva planer som skal utarbeidast i perioden for å bidra til god samfunnsutvikling i fylket.

Fylkesutvalet i Innlandet fylkeskommune har sendt *Innlandsstrategien 2020-2024* ut på høyring. I Innlandsstrategien er det forslag til fire nye planar for det samanslåtte fylket.

#### 2.2.1 Regional plan for samfunnstryggleik, klimatilpassing og robust infrastruktur

Formål: Innlandet står over for store samfunnsendringar der både befolkningssamansetning, klimaendringar, næringsstruktur og kommunikasjon gir store konsekvensar for tryggleika i samfunnet. I dette biletet er det naudsynt å tenke samfunnstryggleik der risikobiletet for Innlandets må sjåast i eit bredt perspektiv.



Digital infrastruktur, breiband, er ein viktig føresetnad for å kunne ivareta tryggleika i samfunnet. Effektiv organisering, koordinering og velfungerande infrastruktur er avgjerande for å sikre innbyggjarane naudsynte og livsviktige tenester.

Det aukande talet deltidsinnbyggjarar og turister i Innlandet er viktig å ivareta for mange kommunar. Planen skal ivareta eit komplekst felt der mange aktørar frå offentleg, privat og frivillig sektor må samarbeide for å sikre Innlandet i ei framtid med skiftande trusselbileter, store klimaendringar og ei befolkning i stor mobilitet.

Regional plan for samfunnstryggleik, klimatilpassing og robust infrastruktur skal blant anna bygge på regionale planar for samfunnstryggleik og beredskap i Hedmark og Oppland.

### 2.2.2 Regional plan for det inkluderande Innlandet

Formål: Samarbeid om vidareutvikling av aktive lokalsamfunn, brei samfunnsdeltaking og gode møteplasser skal legge grunnlaget for god livskvalitet, innovasjon og verdiskaping i Innlandet. Det skal bidra til å løyse utfordringar innan aukande sosiale ulikheter og utanforskap knytt både til folkehelse og arbeidsliv. Samtidig er det behov for i ei fornya samordna bustad-, areal og transportpolitikk for heile Innlandet i tråd med nasjonale føringar. Arbeidet bør ha eit todelt fokus som tar opp i seg Innlandets geografiske og demografiske ulikheiter. Innlandets kommunar har ulike utfordringar, og dette krev ulike prosessar og planlegging. Planen må ha eit moglegheitsfokus, og bidra til å løyse viktige utfordringar i tett samarbeid med kommunane, staten og andre relevante aktørar.

Regional plan for det inkluderande Innlandet kan blant anna bygge på Regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland, Areal og transportstrategi for Mjøsbyen, Regional plan for folkehelse, Regional plan for det fleirkulturelle Hedmark.

### 2.2.3 Regional plan for klima, miljø og arealbruk

Formål: Legge til rette for meir heilskapleg og bærekraftig arealbruk i Innlandet, og en meir heilskapleg vurdering av den samla verdien av arealgrunnet, kapasitetsutnytting og behov.

Formålet er å sikre ein breiare styring som gjev bærekraft på lang sikt. Klimaendringar fører med seg endringar for Innlandet. Målet er å utvikle tiltak og verkemidlar for å redusere utslipp av klimagassar, der det også takast omsyn til effektiv ressursbruk for samfunnet. Sentrale perspektiv vil vere effektiv energibruk og miljøvennlig transport, samt auka kunnskap om risikoområder og behov for klimatilpassing. I tillegg er det naudsynt med eit heilskapleg blikk for å sikre bærekraftig bruk av arealressursar, variert næringsstruktur og vern av sårbare naturressursar på same tid. Som landets største hyttefylke med store ambisjonar om å oppnå høgare verdiskaping innan reiseliv og opplevingsnæringane, må bruk av disse ressursane gjerast på ein måte som ivaretek den langsiktige samfunnsutviklinga. I arbeidet med ein slik plan bør det også foretas ein kartlegging av kva verdiar og ressursar Innlandet har. Innlandet som råvareleverandør treng tydelege prioriteringar og offensiv satsing for å realisere verdiskapingspotensialet.

Regional plan for klima, miljø og arealbruk kan mellom anna bygge på Regional plan for klima og energi i Oppland og Energi- og klimaplan for Hedmark.

### 2.2.4 Regional plan for innovasjon, verdiskaping og kompetanse

Formål: Legge til rette for innovasjon og sikre at Innlandet er betre rusta for framtidens behov for rask omstilling og kompetansebehov.

Verdiskaping og innovasjon er eit viktig tema som er framheva i prosessen. Innlandet bør ha ambisjonar for å vidareutvikle satsingsområda som blant anna Innlandsutvalet løftet frem i sin rapport i 2015. Dette må sjåast i samheng med kompetansebehov i framtida og behov for omstilling. Både Oppland og Hedmark har fylgt opp desse områda og dette bør Innlandet vidareføre i eit langsiktig perspektiv. Det eksisterer mange planar og strategiar innan verdiskaping, FoU og innovasjon. Det bør vurderast å sjå desse i samheng og løfte fram dette området slik at verdiskapingsperspektivet får ein sentral plass og merksemd i Innlandet.

## 2.3 Interkommunalt samarbeid

Kommunane i Nord-Gudbrandsdalen nyttar seg i stor utstrekning av ulike former for interkommunalt samarbeid. Dette stiller store krav til kommunane når det gjeld felles planlegging. Koordinering av planarbeidet skjer ofte i dei sektorvise 6K samarbeida som er etablert i regionen, eller i vertskommunen for det aktuelle samarbeidet, og kommunestyra får ofte likelydande planer til behandling. Sjølv om tenesteyting er organisert i interkommunale samarbeid står kommunen likevel ansvarleg for kvaliteten og innhaldet i tenesteytinga og det er viktig at kommunestyret har eit like aktivt forhold til interkommunale planar som kommunale planar.

Oversikt over interkommunale planar går fram av planoversikten.

## 3. Utviklingstrekk og utfordringar som påverkar planbehovet

### 3.1 Levekår og folkehelse

I dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging for 2019 – 2023, vil regjeringa skape ei berekraftig samfunnsutvikling, sikre sosial rettferd og sikre god folkehelse.

Den sosiale dimensjonen i FN sine berekraftsmål har mykje til felles med folkehelsearbeid. Både sosial berekraft og folkehelse handlar om å fremme ei samfunnsutvikling som set menneskeleg behov i sentrum, gjev sosial rettferd og like sjansar i livet for alle, legg til rette for at menneske som bur i lokalsamfunnet kan påverke forhold i nærmiljøet og elles i kommunen, samt legg til rette for deltaking og samarbeid. Sosialt berekraftige samfunn handlar om samfunn prega av tillit, trygghet, tilhøyring og tilgang til godar som arbeid, utdanning og gode nærmiljø. Gjennom planprosessane kan kommunen legge til rette for ei sosial berekraftig samfunnsutvikling og gode levekår til innbyggjarane.

Spørsmål kommunen kan stille seg i planarbeidet er; korleis er sosial berekraft ivareteke i planarbeidet og er sosial berekraft tilstrekkeleg integrert i samfunns- og arealdelen av kommuneplanen? Kommuneplanen sin samfunnsdel er eit særskilt viktig verkty for å prioritere og samordne det kommunen skal satse på. Skal planlegginga verke, må kommunen følgje opp med tiltak.

Folkehelseinstituttet utarbeider kvart år folkehelseprofilar for kommunane. Dette skal vere eit bidrag til kommunen i arbeidet med å få oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar denne. Folkehelseinstituttet har for 2020 sett sosialt berekraftig lokalsamfunn som tema, og indikatorar og figurar i profilen tek utgangspunkt i dette temaet. Bakgrunn for val av tema heng saman med FN sine mål om berekraftig utvikling fram mot 2030. Lom kommune har ein positiv folkehelseprofil for 2020, men levekårsutfordringane er reelle også i Lom.

<https://www.fhi.no/hn/folkehelse/folkehelseprofil/>

Folkehelsearbeid er samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som fremmar befolkninga si helse og trivsel, som førebygger sjukdom, skade og lyte, og som gjev ei jamnare fordeling av faktorar som påverkar helsa. Med andre ord er folkehelsearbeid all innsats som bidreg til å utvikle gode lokalsamfunn.

Kommunen skal, etter folkehelselova § 5, ha ein skriftleg oversikt over helsetilstanden i befolkninga. Folkehelselova definerer helse i vid forstand, og folkehelseoversikta har såleis statistikk for ei lang rad helsemessige og sosiale forhold som ein veit kan påverke helsetilstanden til innbyggjarane i kommunen. Kommunen skal gjennom folkehelseoversikta vere særleg merksame på trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale helseforskjellar. Dersom kommunen ikkje er bevisst på relevante påverkningsfaktorar og korleis desse er fordelt i befolkninga, kan kommunen kome til å vidareføre uheldige miljø- og samfunnsmessige forhold og dermed svekke den sosiale berekrafta. Folkehelseoversikta gjev nødvendig kunnskap om påverknadsfaktorar og er eit viktig utgangspunkt for planstrategien og planarbeidet.

Lom sin folkehelseoversikt blir revidert hausten 2020. Dette grunnlagsdokumentet er vedlegg til den kommunale planstrategien, og får sin presentasjon og politiske forankring gjennom behandling av planstrategien. Planstrategien kjem ikkje til å gje nokon gjennomgang av konklusjonane i folkehelseoversikta, men blir brukt som argument for nokre av prioriteringane som kjem fram av planstrategien. Ein vil likevel peike på følgjande fem tema som kommunen bør ha særskild fokus på i det vidare planarbeidet sitt:

- Sosial ulikskap
- Aldrende befolkning – "Leve hele livet" ei samfunnsreform
- Frivillige organisasjonar – samarbeid for eit berekraftig samfunn
- Livsmestring
- Fysisk aktivitet og kosthald

### 3.2 Befolkningsutvikling og -samansetting


Dei regionale framskrivingane viser at befolkninga i Norge veks med 11 prosent fram til 2050, men at denne auka er ujamn fordelt geografisk. Resultatet viser sentralisering, og dette fører til sterk aldring i distrikta.

Folketalet i Lom har dei 10 siste åra vorte redusert med om lag 200 innbyggjarar, og ser ein 20 år attende i tid, er det ein reduksjon med om lag 370 innbyggjarar.

Framskriving for Lom frå SSB (MMM alternativet) viser at ein kan forvente ein ytterlegare reduksjon med om lag 130 personar fram til år 2030. Frå utgangen av 2. kvartal 2019 til same tidspunkt i 2020, er det ein reduksjon med 56 innbyggjarar, og ein kan difor sjå ein tendens til at folketalet i realiteten endrar seg negativt i større grad enn prognosane har vist tidelgare.

Innbyggjartalet i Lom ved utgangen av 2. kvartal 2020 var 2214.

Målt ut frå nivå 2020, vil utgiftsbehovet gå noko ned men vera *samla* stabilt fram mot 2030. Prioritering mellom dei ulike sektorane vil vera avgjerande for tenestetilbodet til dei ulike aldersgruppene i kommunen.



Kjelde: <https://www.ssb.no/kommunefakta/lom> og demografisk modell frå KS

### 3.3 Næringsliv og sysselsetting

I følge SSB ligg talet på sysselsette (pr. bustad) i Lom på 1144 i 2019. Talet har vore relativt stabilt dei siste ti åra, men den langsiktige trenden er likevel negativt. Dei siste tre åra er det særleg innan kategorien jordbruk, skogbruk og fiske at det har vorte færre arbeidsplassar. Dette er den største bransjen i Lom innanfor privat sektor, og har vorte redusert frå 170 sysselsette i 2017 til 148 sysselsette i 2019. Helse- og sosialtenester er utan tvil størst, med over 200 sysselsette. Deretter følgjer m.a. bygg- og anlegg, varehandel, overnatting- og servering og undervisning og industri. Talet på bedrifter har vore stabilt, med mellom 400 – 500 bedrifter (kommuneprofilen).

Ferske tal frå NHO sitt kommune-NM viser at Lom scorar relativt bra på næringsvariasjon, sysselsettingsgrad, deltaking i arbeidsmarknaden og låg arbeidsledigheit.

Lom ligg også over fylkessnittet når det gjeld privat sysselsetting sett opp mot offentleg sysselsetting, der den private sysselsettinga utgjer 67 % (mot gjennomsnittleg 62,4% på fylkesnivå).

Grunnen til at Lom likevel kjem dårleg ut på kommune-NM er at vi har hatt ei sær negativ utvikling innanfor demografi og befolkningsutvikling dei siste tre åra. Dette gir store utslag, og heng delvis saman med sentraliseringstrekk som vi ser att i store deler av Noreg. Med unntak av Hardanger, er Nord-Gudbrandsdal den regionen i Norge med størst prosentvis reduksjon i talet på arbeidsplassar i perioden 2001-2019, med ein nedgang på 8,3%.

Det er særleg to årsakar til den svake arbeidsplassveksten i Nord-Gudbrandsdalen. Store deler av næringslivet er i bransjar som har nedgang i Norge, t.d. landbruk og industri. I tillegg er folketalsutviklinga svakare enn resten av landet. Det finst lokalt handlingsrom som gjer at det kan vere mogleg å snu trenden.

### 3.4 Klima og beredskap

I følge Klimaprofil for Oppland frå 2016 som er utarbeidd av Norsk Klimaservicesenter, forventar ein at årstemperaturen i Oppland kjem til å auke med ca. 4 °C, og at årsnedbøren aukar med ca. 20 % frem mot slutten av hundreåret. Ein forventar at meir nedbør vil kome som regn, at nedbørintensiteten vil auke på dagar med kraftig nedbør, og at dagar med mye nedbør kjem hyppigare. Temperaturen og nedbøren er rekna å auke mest om vinteren. Det er rekna med ein stor reduksjon i snømengde og i tal på dagar med snø i lågareliggende område. Det er rekna med at det vil bli fleire episodar med smelting om vinteren som følgje av aukiing av temperaturen.

Klimaprofilen tilseier at det er venta at gjennomsnittleg årleg vassføring i elvane vil auke noko, fordi nedbøren aukar. Det kan medføre auka flaumfare. I Lom medfører flaum i det regulerte hovudvassdraget Ottaelva, svært sjeldan fare for liv og helse, men kan medføre skade på infrastruktur og at areal og enkelte bygningar blir sete under vatn. I sidevassdrag, elvar og bekkar som ikkje er regulerte, og som ofte ligg i bratt terreng, kan ein forvente at eit endra klima kan medføre eit auka skadeomfang. Store nedbørsmengder og/eller intenst nedbør, kan medføre at vassføringa i desse kan auke svært raskt, kan føre til store skadar på bygg, konstruksjonar og infrastruktur, til jordskred og til erosjonsskadar. Flaum i større sidevassdrag, og spesielt i Bøvre, kan rame både mykje bygnad og medføre store vanskar for kommunikasjon langs veg, straumforsyning og tele- og datatrafikk.

I klimaprofil for Oppland er det også rekna med at klimautviklinga vil kunne gje auka hyppigheit av ras og skred som er knytt til stor nedbør og flaum, og snøfall i bratt terreng. Dette gjeld i første rekkje jordskred, flaumskred og sørpeskred. Mykje av bygnaden i kommunen ligg utsett for ras og skred, og ras og skred kan både medføre store materielle skadar og truge liv og helse.

Det er viktig at kommunen gjennom si arealplanlegging tek omsyn til dei varsla klimaendringane, og legg opp til at all utbygging skjer utafør område som vil vere utsett for flaum, ras og skred. For eksisterande bygnad er det i nokre fall mogeleg å gjennomføre sikringstiltak for å førebygge mot skadar. Elles må kommunen ha ein beredskap og beredskapsplanar for å takle og minimere skadar årsaka av naturhendingar - også sett ut frå eit klimaperspektiv.



### 3.5 Langsiktig arealbruk

I dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging peikar regjeringa på at det er viktig for å samordne bustad-, areal- og transportplanlegginga, fremje næringsutvikling, redusere klimagassutsleppa, tilpasse samfunnet til klimaendringane, skape sosialt berekraftige samfunn og redusere nedbygging av dyrka mark og natur. Ho legg vekt på at det blir lagt til rette for vekst i sysselsetjing og produksjon i grønt og berekraftig næringsliv. Regjeringa har som mål å redusere ikkje-kvotepliktige klimagassutslepp med minst 45 prosent innan 2030 samanlikna med 2005-nivå og at Noreg skal bli eit lågutsleppsamfunn innan 2050. Regjeringa har eit klart mål om ei meir berekraftig by- og tettstadutvikling med reduserte klimagassutslepp. Eit tydeleg avgrensa sentrum med bustader, arbeidsplassar, kulturtilbod, handel og andre publikumsretta funksjonar støttar opp under utviklinga av kompakte byar og tettstader med korte avstandar. Det er i sin tur med på å redusere bilbehovet og gjere sentrumsområda meir tilgjengelege for fotgjengarar og syklistar.

Lom har hatt ein nedgang i folketalet over fleire år. Befolkninga vert stadig eldre. Mykje av private og offentlege tenester er konsentrert til kommunesenteret, og mange ønskjer å flytte til kommunesenteret når ein blir eldre pga. svekka mobilitet og dårleg kollektivtilbod. Derfor er det fortsatt etterspurnad etter ny tomtegrunn på Fossbergom. Det er lite areal att i og rundt Fossbergom som er eigna for bustadbygging. Mykje areal er utsett for skred og flaum, og det som ikkje er utsett for naturfare er ofte fulldyrka jord som skal vernast om. Framtidig bustadbehov i kommunesenteret må derfor i første rekkje løysast ved å bygge tettare og med høgare utnyttingsgrad – dvs. dreie utbygginga over frå utbygging av einebustadar til bygging av leilegheitsbygg eller evt. tett småhusbygning.

Mykje av busettinga i grendene er knytt til gardsbruk. Arbeidsplassane er da der folk bur, og det må kunne sjåast på som gunstig ut frå eit transport og klimaomsyn. Ofte ønskjer den eldre generasjon å bli buande på garden også etter at dei har overdrege garden til den yngre generasjon. Samfunnet og eldreomsorga baserar seg også i stor grad på at folk skal bu heime så lenge som mogeleg. Det kan minke presset på utbyggingsareal i kommunesenteret, men vil fordre at det eksisterer eit tilbod om ei eller anna form for kollektiv transport tilpassa denne gruppa

Ei stor utfordringa i arealplansamanheng, er at det ikkje er ledig areal for etablering av industri, handverksverksemd, entreprenørverksemd eller lager. Regulert industri- og næringsareal i ved kommunesenteret er nær fylt opp, og det er heller ikkje tilgjengeleg anna regulert eller opparbeid næringsareal i kommunen. Det kan vere noko å hente på betre arealutnyttinga i eksisterande regulerte næringsområde, men det krev arbeid opp mot bedriftene som disponerer tomtene i dag. Dette vil berre gi tilgang på små areal, som ikkje vil vere tilstrekkeleg for nyetableringar av noko storleik. Verknaden av mangel på industri- og næringsareal kan vere at både eksisterande bedrifter og nye bedrifter som ønskjer å etablere seg i Lom, må søkje til andre kommunar der det er ledig areal.

Mykje av arealet i Gjeisarøye og Prestøye er bunde opp i trase for omlegging av RV15 gjennom reguleringsplan og kommunedelplan. Det har vore lite interesse lokalt eller regionalt for at vegplanane skal bli realisert, og prosjektet er ikkje med i nasjonal transportplan. Ved revisjonen av kommunedelplanen for Fossbergom, vart det teke opp med Statens Vegvesen om ei slik omlegging framleis var aktuell, eller om ein kunne omdisponere arealet til nærings- og industriareal. Statens Vegvesen sette seg da i mot omdisponering/omregulering av riksvegtraseen. Den store turisttrafikken sumaren 2020, gjorde at det vart kødanning og vanskeleg framkomst gjennom kommunesenteret. Får ein ei slik utvikling i trafikken vidare framover, kan planane om omlegging av RV15 kanskje bli aktualisert. Spørsmålet er om det vil vere tenleg at ein lokalt tek grep med omsyn til dette og evt. set i gang arbeid med å førebu seg på dei endringane det måtte medføre for tettstaden.

Det har vore lite hyttebygging i kommunen. Manglande nærleik til store befolkningsentra, at areala i det store og heile er bratte og mindre eigna for større utbyggingar eller at arealet er verna eller har store naturverdiar, har gjort at interessa har vore liten både lokalt og frå investorar. Gjennom mange år har det vore bygd opp turistbedrifter både på Fossbergom og i fjellet, som har hatt ei god utvikling og som skapar inntekter og arbeidsplassar. Mange av

kommunane i Gudbrandsdalen og Ottadalen har satsa stort på hyttebygging. I arbeidet med kommuneplanens arealdel, er det spelt inn fleire forslag om nye hytteområde også i Lom. Bygging av fritidsbustader kan gi grunnlag for lokal vekst og arbeidsplassar. I nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging er det peika på moglege arealkonfliktar knytt til utbygging av fritidsbustadar, og at det av omsyn til friluftsliv, landskap og naturmangfald er viktig å unngå etablering av hytteområde over skoggrensa. Regjeringa peiker i nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging vidare på at det er viktig å bevare større, samanhengande område utan hytter i fjellområde med stort press på areala. Hyttemarknaden krev i dag i stor grad utbygging med straumforsyning/tele og innlagt vatn- og avlaup. Dersom ein byggar med lågare standard, vert dette ofte stilt slike krav seinare. Ofte ligg hytteområda langt frå offentleg avlaupsnett, og det krev ofte utbygging av kostbare anlegg for å unngå forureining av vatn- og vassdrag. I fleire kommunar har kommunen stått som utbyggjar av hovudnett for vatn- og avlaup til hytteområda, eller overteke anlegg som er etablert av utbyggjar. I Lom har dette førebels ikkje vore nokon problemstilling, men i fall bør tilkopling til avlaup eller etablering av reinseanlegg vere ein lokaliseringsfaktor ved etablering av nye hytteområde.

Det har i over ein periode på over 10 år versert planar om utbygging av ein større alpindestinasjon i Bøverdalen. Kommunestyret har vedteken at det må utarbeidast ein eigen kommunedelplan for områda som eventuelt blir omfatta av ei slik utbygging. Mykje er enda uavklart når det gjeld desse planane, og planarbeidet er førebels satt på vent frå kommunen si side til planane er nærare avklara frå grunneigarhald mv.

## 4. Planbehov – prioriterte tema og planleggingsbehov framover

Det er utarbeidd ein planoversikt, som viser gjeldande planar og forslag til revisjonstidspunkt. Dette gjev ein felles og lett tilgjengeleg oversikt over planane i kommunen, og den vil vere nyttig for å vurdere planbehov. Det kan vere nye planer eller revisjon av eksisterande planer, og ein kan også enklare sjå moglegheiter for forenkling og samordning av planverket. Oversikten kan også nyttast i arbeidet for å få tettare oppfølging av planar i samband med behandling av det årlege handlingsprogrammet (økonomiplanen).

Planoversikten bør oppdaterast kvart år, i samband med rullering av handlingsprogrammet. Hovudrevisjon blir kvart fjerde år i kommunal planstrategi.

### 4.1 Det kommunale plansystemet

Effektiv og gjennomføringsretta kommunal planlegging føresett ein klar arbeidsdeling mellom kommunen sine ulike planar. Plansystemet må vere lett å formidle og forstå for politikarar og administrasjonen og vere retta mot gjennomføring.


Kommunal planstrategi, kommuneplanen sin samfunnsdel og kommuneplanen sin handlingsdel kopla saman med økonomiplanen må gjevast ein grunnleggande og varig posisjon i plansystemet. Dette set krav til innhaldet i den kommunale planstrategien og samfunnsdelen, og ein rullering/evaluering som systematisk følgjer valperiodane. Kommuneplanens handlingsdel må gjevast eit innhald og synleggjere korleis samfunnsdelen sine prioriteringar følgjast opp i kommunen sine tenesteområder og slås saman med økonomiplanen til eitt dokument.

Kommunen sin arealplanlegging må ha ein forankring i kommunens samfunnsplanlegging og trekke i same retning. Arealplanlegginga må henge saman med kommunen sine investeringar i infrastruktur og tenesteyting, drift og tilrettelegging for utvikling.

Det er eit overordna mål for Lom kommune at det kommunale plansystemet skal vere eit effektivt reiskap for bærekraftig samfunnsutvikling og arealbruk. For å oppnå dette arbeidar kommunen etter fylgjande målbilde:

- Lom kommune har ein kommunal planstrategi som tek opp heile kommunes plansystem.

- Lom kommune har ein samfunnsdel med tydelege satsingsområder og mål revidert tidlig i valperioden om det nye kommunestyret meiner det er naudsynt.
- Lom kommune har oppdaterte temaplaner og kommunedelplanar tatt ned i omfang til eit realistisk nivå og tilpassa behova. Kommunen skal rullere eller fase ut utdaterte temaplanar anten gjennom den kommunale planstrategien eller ved den årlege rulleringa av kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan.
- I Lom kommune er kommuneplanens handlingsdel og økonomiplan kopla saman
- I Lom kommune må tenesteområda synleggjere korleis satsingsområder og mål i samfunnsdelen følgjast opp i kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan.



#### 4.1.1 Kommuneplan - samfunnsdelen

Kommuneplanens samfunnsdel (PBL § 11-1 – § 11-4) skal behandle langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet og for kommune som organisasjon. Samfunnsdelen skal vise samanhengen mellom dei langsiktige måla og strategiane som blir trekt opp i kommuneplanen og dei fysiske konsekvensane, slik at ein får god kopling til arealdelen. Kommuneplanens samfunnsdel skal samordne planane til dei ulike tenesteområda. Den skal gje retningslinjer for gjennomføring av mål og strategiar, både i den kommunale verksemda og i regi av kommunen som samfunnsaktør.

#### 4.1.2 Kommuneplanen – arealdelen

Kommunen skal ha ein arealplan for heile kommunen som del av kommuneplan (PBL § 11-5 - §11-18). Ein samla arealplan er naudsynt for å sikre planmessig og forsvarleg arealutnytting, og for å hindre uønska arealinngrep. Arealdelen omfattar plankart, føresegner, retningslinjer og planomtale med konsekvensutgreiingar. I tillegg til ein arealplan for heile kommunen kan kommunen lage kommunedelplanar for delområde, t.d. tettstader.

Arealplanen skal ta for seg hovudtrekka i korleis areala skal brukast og vernast, og kva for viktige omsyn som skal takast vare på ved disponering av areala (omsynssoner). Samstundes skal arealdelen vera utforma i eit langsiktig perspektiv. Den må derfor vera tilstrekkeleg fleksibel slik at det er mogleg å innpasse nye behov og moglegheiter. Det inneber at kommuneplanens arealdel bør haldast på eit relativt overordna nivå og ikkje ta for seg detaljer, dette gjeld spesielt innanfor arealformåla bygg og anlegg. Planen skal på denne måten vise viktige omsyn og forhold som blir

lagt til grunn for utforming av planen, og som skal følgjast opp i vidare detaljplanlegging (reguleringsplan), enkeltsaksbehandling etter planen og gjennom seinare bruk, skjøtsel og forvaltning av areala.

Planen skal vera eit styringsverktøy som legg til rette for ein fleksibel og aktiv bruk i områder der den er vedteken, og som forenkler saksbehandlninga i desse områda. Samstundes skal planen gje grunnlag for ein langsiktig, forsiktig forvaltning og vern av andre verdifulle område.

#### 4.1.3 Reguleringsplanar

Ein reguleringsplan er eit detaljert arealplankart med juridisk bindande føresegner for bruk, vern og utforming av areal, bygningar og fysiske omgjevnader. Reguleringsplan skal vedtakast av kommunestyret, men kan utarbeidast av både offentlege og private aktørar. I kommuneplanen er det sett føringar for krav til reguleringsplan før tiltak kan setjast i gang.

Utarbeiding av nye reguleringsplanar og revisjon av eksisterande planar skjer etter behov, og med forankring i overordna kommuneplan. Plan- og bygningslova § 12-11 regulerer behandling av private reguleringsplanar, med frist for behandling innan 12 veker etter at fullstendig planmateriale er levert. Større reguleringsplanar i eigen regi som krev ekstra ressursar, vil i størst mogleg grad bli meldt inn som tiltak i samband med behandling av årsbudsjett og rullering av økonomiplan/handlingsprogram.

#### 4.1.4 Kommunedelplanar

Kommunedelplan er ein plan for bestemte områder, tema eller verksemdsområder. Det kan utarbeidast kommunedelplan for eitkvart tema eller verksemdsområde kor dette er hensiktsmessig. Det kan også utarbeidast kommunedelplaner for arealbruk, jf. pbl. § 11–5 fyrste ledd. Det er kommunestyret som avgjer om det skal settast i gang arbeid med en separat kommunedelplan eller om det aktuelle temaet i staden takast opp som eit tema innanfor ein samla kommuneplan.

#### 4.1.5 Temaplanar

Ein temaplan er kommunen sin strategiske plan for eit spesifikt tema. Temaplaner har gjerne eit 12-årsperspektiv, og reviderast kvart fjerde år.

Kvar temaplan skal ta utgangspunkt i hovudmål og delmål frå kommuneplanen sin samfunnsdel og innehalde oversikt over kva mål og strategiar temaplanen skal bidra til å nå. Dei relevante måla skal inngå i temaplanane, der dei blir konkretisert i innsatsområder og strategiar. Det skal ikkje definerast nye mål i temaplanen

### 4.2 Revisjon av kommuneplanen

Erfaringane med korleis gjeldande kommuneplan har fungert vil vere ein del av vurderingane av planbehovet i kommunestyreperioden. Vurderingane kan t.d. omfatte:

- Korleis kommuneplanen har fungert som politisk og administrativt styringsverktøy?
- I kva grad utviklinga har gått i den retninga som var trekt opp i mål og føringar i gjeldande kommuneplan?
- Kan det gjerast endringar i kommuneplanen eller kommunens plansystem som gjer kommuneplanen meir eigna som styringsverktøy?

Det er i arbeidet med denne planstrategien ikkje gjort nokon systematisk evaluering av kommuneplanen, korkje av det gamle eller nye kommunestyret eller av administrasjonen. Ein sit likevel med eit klart inntrykk av at kommuneplanen, og særleg samfunnsdelen, ikkje har hatt den posisjonen og funksjonen som moderne kommunal planleggingsteori og statlege føringar legg opp til. Lom kommune har heller ikkje klart koplinga mellom kommuneplanen og økonomiplanen som handlingsdel, slik det er lagt opp til i samfunnsplanen. Når det gjeld arealdelen er det uheldig at revisjon har drege ut i tid, og ein kan med fordel vurdere korleis rulleringsprosessane kan bli meir effektive.

#### 4.2.1 Revisjon av samfunnsdelen

Gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen vart vedteke av kommunestyret 27.10.2016. I tråd med prinsippa for eit effektivt og oppdatert plansystem blir det vurdert som naudsynt å rullere samfunnsdelen i inneverande kommunestyreperiode. Dersom kommunestyret i behandlinga av planstrategien vedtar å revidere kommuneplanen sin samfunnsdel skal det utarbeidast eit planprogram som skal gjere greie for kva ein vil konsentrere seg om ved revisjon. Det vidare planarbeidet utdjupast og detaljerast i planprogrammet.

Ved revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel vil fylgjande kriterier bli lagt vekt på:

- Samfunnsdelen sin funksjon som styringsverktøy i eit plansystem må tilleggjast stor vekt. Planens innretting og innhald, prosess, og mobilisering må bli tilpassa dette.
- Samfunnsdelen må ha tydelige satsingsområder og hovudmål som vert eigd av det sittande kommunestyret. Planen må vere tydelig og ikkje for omfattande i volum. Det er kommunestyret si oppgåve å gjere viktige hovudprioriteringar og gje retning gjennom samfunnsdelen slik at den kan fungere som eit reelt styringsverktøy
- Utan tydelege politisk prioriterte satsingsområder og hovudmål i samfunnsdelen vil det vere svært vanskeleg å kople samfunnsdelen til kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan.
- Revisjonsprosesser må gå raskt. Samfunnsdelen må reviderast tidleg i valperioden dersom det nye kommunestyret gjennom planstrategien meiner heile eller deler av samfunnsdelen skal takast opp til ny diskusjon. Kommunestyret bør sette frist for når det skal ha samfunnsdelen til behandling.

#### 4.2.2. Revisjon av arealdelen

Gledande arealplan er frå 2003, og i planstrategien for Lom kommune 2012-2015 blei det vedteke å rullere arealplanen. Denne prosessen er nå i slutfasen og arealplanen skal etter planen opp til politisk behandling hausten 2020.

Den eksisterande planen er laga før den nye plan- og bygningslova frå 2008. Med den nye plan- og bygningslova kom nye standardar for utarbeiding av arealplanar. Det er krav til at planen skal vere fulldigital. Nye arealbruksføremål har avløyst dei gamle, og det er innført at det i tillegg til arealbruksformåla skal leggjast inn omsynsoner, faresoner, sikringssoner mm. på plankartet. I tillegg er det krav om at det blir utarbeidd konsekvensutgreiing for alle nye utbyggingsområde.

Kommunestyret har vedteke at område som tidlegare var omfatta av kommunedelplanar skal bli innlemma i kommuneplanens arealdel. Unntaket er området ved Fossbergom, der det framleis skal vere ein eigen kommunedelplan.

Slik det er gjort greie for vil det sittande kommunestyret få framlagt arealdelen til rullering og det blir ikkje vurdert som naudsynt med ytterlegare rulleringar av arealdelen i planstrategiperioden.

#### 4.3 Andre planbehov og planarbeid framover

For å legge til rette for eit effektivt plansystem er det eit overordna mål å redusere talet på kommunedelplanar og temaplanar, og heller trekke mål og tiltak frå desse planane inn i samfunnsdelen og arealdelen. Dette kjem fram i planoversikten der det er foreslått at fleire planer utgår eller blir tatt inn i kommuneplanen.

Nokre planar er foreslått revidert men med eit endra eller utvida fokus. Det gjeld til dømes Omsorgsplan for Lom kommune som er foreslått rullert og utvida til Strategisk plan for helse og omsorgstenester i Lom kommune.

For nokre område eller tema vil det vere behov for nye planar anten som ein fylgje av samfunnsutvikling, auka politisk fokus eller nye lovkrav. Nye planar som er under arbeid eller planlegging er Hovudplan for vassforsyning, Kulturminneplan og Boligsosial plan.



## 5. Konklusjon

Planstrategien peikar på utviklingstrekk og utfordringar som Lom kommune står overfor i åra framover. Synkande folketal, ein aldrande befolkning og raske klimaendringar er berre nokon av utfordringane som kommunen må legge planar for korleis den skal møte. Norske kommunar legg mykje ressursar i planlegging og skal den kommunale planlegginga bli effektiv og gjennomføringsretta må det kommunale plansystemet henge saman. Planane må vere oppdaterte og ha tydelege mål og tiltak. Planane må inngå i eit tydeleg hierarki der planar lenger ned i systemet støtter opp under måla til dei overordna planane.

For å legge til rette for at det kommunale plansystemet blir eit effektivt reiskap for berekraftig samfunnsutvikling vil Lom kommune:

1. Samfunnsdelen sin funksjon som styringsverktøy i plansystemet skal tilleggjast stor vekt. Kommunestyret skal bruke planen til å formulere og vedta overordna politiske mål og strategiar for kommunen og administrasjonen skal levere teneseter som er i tråd med desse. Samfunnsdelen må vere oppdatert og skal som hovudregel rullerast kvar kommunestyreperiode.
2. Arealdelen skal vere underordna samfunnsdelen sine overordna prioriteringar og mål – arealdelen er samfunnsdelen sin arealrelevans.
3. Økonomiplanen skal vere handlingsdel til samfunnsdelen – økonomiplanen er samfunnsdelen sin økonomirelevans.
4. Det er eit mål å redusere talet på kommunedelplaner og temaplaner, og heller trekke mål og tiltak frå desse planane inn i samfunnsdelen og arealdelen.

## VEDLEGG: Planoversikt

Tema	Vedtaksår/ sist revidert	2020	2021	2022	2023	Lovheimel / merknader
<b>Overordna planar</b>						
Kommuneplan samfunnsdel – Lom 2020	2016					Plan- og bygningslova (PBL)
Kommuneplanens arealdel	2003					PBL - Under revisjon
Kommunedelplan Fossbergom	2003					PBL - Under revisjon
Kommunedelplan for Galdesand	1999					PBL – går inn i rev. KP arealdel
Kommunedelplan for Garmo	1999/2001					PBL – går inn i rev. KP arealdel
Kommunedelplan for Nordsetrene	2009					PBL – går inn i rev. KP arealdel
Kommunedelplan for alpinanlegg Bøverdalen	Ny					PBL – Avheng av grunneigarar
Økonomiplan	2019					Kommunelova
<b>Beredskap</b>						
Felles risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for Lom og Skjåk	2016					Lov om kommunal beredskapsplikt mm. – revisjon
Beredskapsplanverk for Lom kommune - Gjer m.a. ein oversikt over beredskapsplanverk i kommunen som årleg oppdaterast. • Plan for informasjon og krisekommunikasjon • Plan for evakuering og pårørendesenter • Plan for helsemessig og sosial beredskap • Plan for psykososiale tiltak ved kriser, katastrofer og ulykker (regional plan) • Smittevernplan (regional plan) • Sikkerheitshandbok IKT • Beredskapsplan for akutt forureining • Evakueringsplan Omsorg • Informasjonsplan Lom kommune • Beredskapsplan for vassverka • Beredskapsplan avlaup og reinsing • Plan for kommunal atomberedskap/radioaktiv forureining • Plan for rasjonering/el-forsyning • Beredskapsplan for skuler og barnehagar	2015  (årlege oppdateringar - siste endring i 2020)					Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret –
Integreringsplan 2017-2021	2017					Rullering 2021. Handlingsplan kan bli rullert oftare.
<b>Klima og energi</b>						
Kommunedelplan Klima og Energi	2010					
<b>Temaplanar – teknisk drift, areal- og ressursforvaltning</b>						
Kommunedelplan for sand, grus og stein	19.06.1997					PBL – går inn i KP arealdel
Hovudplan vassforsyning	Ny					Sete i gong
Hovudplan avlaup	2010/2014					Plan -10 og handlingsplan -14
Trafikksikringsplan 2017-2021	2017					Revisjon. Årleg handlingsplan.
<b>Andre temaplanar</b>						

Kulturminneplan	Ny					
Plan for idrett og fysisk aktivitet 2018-2021	2019					Handlingsprogram med prioritertingsliste for idrettsanlegg som rev. årleg.
Næringsplan	2002					Ein vurderer å ha "næringsplan" som del av KP samfunnsdel, med årleg handlingsplan.
Landbruksplan (inngår som del av næringsplanen)	2002					
Beitebruksplan	2007					Ikkje behov for revidering.
<b>Interkommunale planar</b>						
Fagplan for arbeid med psykisk helse og rus (regional)	2017					
Handlingsplan kreftomsorgen i Sel, Vågå, Lom og Skjåk	2017					
Handlingsplan og prosedyrar mot vald i nære relasjonar (regional)	2015					
Handlingsplan for førebygging og handtering av hatkriminalitet, radikaliserings og valdeleg ekstremisme (regional)	2017					
Felles flyktningplan for Midt- og Nord-Gudbrandsdalen – 2013-2017	2013					
Regional reiselivsstrategi	2012					

## Vedlegg: Planoversikt

Tema	Vedtaksår/ sist revidert	2020	2021	2022	2023	Lovheimel / merknader
<b>Overordna planar</b>						
Kommuneplan samfunnsdel – Lom 2020	2016					Plan- og bygningslova (PBL)
Kommuneplanens arealdel	2003					PBL - Under revisjon
Kommunedelplan Fossbergom	2003					PBL - Under revisjon
Kommunedelplan for Galdesand	1999					PBL – går inn i rev. KP arealdel
Kommunedelplan for Garmo	1999/2001					PBL – går inn i rev. KP arealdel
Kommunedelplan for Nordsetrene	2009					PBL – går inn i rev. KP arealdel
Kommunedelplan for alpinanlegg Bøverdalen	Ny					PBL – Avheng av grunneigarar
Økonomiplan	2019					Kommunelova
<b>Beredskap</b>						
Felles risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for Lom og Skjåk	2016					Lov om kommunal beredskapsplikt mm. – revisjon
Beredskapsplanverk for Lom kommune - Gjer m.a. ein oversikt over beredskapsplanverk i kommunen som årleg oppdaterast. • Plan for informasjon og krisekommunikasjon • Plan for evakuering og pårørendesenter • Plan for helsemessig og sosial beredskap • Plan for psykososiale tiltak ved kriser, katastrofer og ulykker (regional plan) • Smittevernplan (regional plan) • Sikkerheitshandbok IKT • Beredskapsplan for akutt forureining • Evakueringsplan Omsorg • Informasjonsplan Lom kommune • Beredskapsplan for vassverka • Beredskapsplan avlaup og reinsing • Plan for kommunal atomberedskap/radioaktiv forureining • Plan for rasjonering/el-forsyning • Beredskapsplan for skuler og barnehagar	2015  (årlege oppdateringar - siste endring i 2020)					Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Siviltforsvaret –
Integreringsplan 2017-2021	2017					Rullering 2021. Handlingsplan kan bli rullert oftare.
<b>Klima og energi</b>						
Kommunedelplan Klima og Energi	2010					
<b>Temaplanar – teknisk drift, areal- og ressursforvaltning</b>						
Kommunedelplan for sand, grus og stein	19.06.1997					PBL – går inn i KP arealdel
Hovudplan vassforsyning	Ny					Sete i gong
Hovudplan avlaup	2010/2014					Plan -10 og handlingsplan -14
Trafikksikringsplan 2017-2021	2017					Revisjon. Årleg handlingsplan.
<b>Andre temaplanar</b>						
Kulturminneplan	Ny					



Plan for idrett og fysisk aktivitet 2018-2021	2019					Handlingsprogram med prioriteringsliste for idrettsanlegg som rev. årleg.
Næringsplan	2002					Ein vurderer å ha "næringsplan" som del av KP samfunnsdel, med årleg handlingsplan.
Landbruksplan (inngår som del av næringsplanen)	2002					
Beitebruksplan	2007					Ikkje behov for revidering.
<b>Interkommunale planar</b>						
Fagplan for arbeid med psykisk helse og rus (regional)	2017					
Handlingsplan kreftomsorgen i Sel, Vågå, Lom og Skjåk	2017					
Handlingsplan og prosedyrar mot vald i nære relasjonar (regional)	2015					
Handlingsplan for førebygging og handtering av hatkriminalitet, radikaliserings og valdeleg ekstremisme (regional)	2017					
Felles flyktningplan for Midt- og Nord-Gudbrandsdalen – 2013-2017	2013					
Regional reiselivsstrategi	2012					

